

## 1.mars-styremøte på Lupinen kl.18

Desse møtte: Mette Marie, Turid, Solveig, Nelly, Sunneva.

Sak 10/17 Orienteringar

Frivilligsentralen: Mette har sendt brev til kommunen om Frivilligsentralen.VBK er i mot å flytte han til biblioteket.

Frå sentralt hald : Eldre skal få hjelp til å bu lenger heime, det skal opprettast Aktivitetssenter til møteplass for eldre.

Frivilligsentralen fungerer som ein slik møteplass i dei lokala han no har.

Gåve: Solveig takka for blomar til jul.

Sak 11/17 Arbeidsplan 2017

Mars: Fredagskafe 10.mars - ansvar Kafegruppa

Søndagsmiddag 12. mars nyhotellet? Ansvar Aktivitetsgruppa ( Bjørg vil hjelpe til om det trengst.)

(Styremøte v. 12)

April: Fellesmøte med Husflidslaget. Tema: Lin . (30. mars el. 6.april? Solveig tek kontakt.)

Fellessmøte med Pensjonistlaget 27.april. Tema: Velferdsteknologi og aktivitetssenter.

Foredragshaldar frå NPF Oslo. Martin Linge-huset.( Sunneva kan vere kontakt.)

(Styremøte v.16)

Mai: Temamøta: Tradisjonsmatjakt (Sylteormen bakeri 31. mars? Mette el. Bjørg tek kontakt?)

Sansehagedugnad ( Mette el. Bjørg kontaktar Judith som ynskjer ein ekstra person frå VBK til å samarbeide med.)

(Styremøte v. 21)

Juni: Sommaravslutning/tur - Framlegg: Klovset, Nedstestølen, Nysetra. Ansvar Aktivitetsgruppa

Kulturskulekafe tidleg i juni? Ansvar Kafegruppa.

(Styremøte v. 25.)

August: Tur Muldalen

Sept.: Folkehelseveka - Tema «Ville vekstar». (Solveig kontaktar NBK om mogleg foredragshaldar)

Monica Hovden Larsen ernæringsfysiolog ressursperson?

( Styremøte - dato ikkje fastsett.)

Okt.: Temamøte: Lage kort. Agnieszka Jemtegård og Mariann Døving er aktuelle ressurspersonar.

Truleg Kyrkjekaffi og Fredagskafe - ansvar Kafegruppa.

LURT Å FLYTTE VBK- Fredagskafe til ein annan månad?

( Styremøte - dato ikkje fastsett.)

Nov.: Årsmøte torsdag 2. nov. Raudehuset på Døving

Ope møte siste del - Tema: blomster.

( Styremøte - dato ikkje fastsett.)

Nov/Des: Juleavslutning / konsert - ansvar Aktivitetsgruppe / styre.

(Styremøte - dato ikkje fastsett.)

Sak 13/17 Eventuelt

Fylkesårsmøtet: Utsendingar frå styret får alt dekt. Bjørg, Solveig, Nelly reiser.

Brøddvarer: Mette tok opp ei sak som kan takast med til fylkesårsmøtet.

Det er no ikkje lov å selje brøddvarer til halv pris i butikkane. Difor blir mykje brød kasta.

Andre varer som går ut på dato, kan seljast for halv pris. Det er naturleg at det same kunne gjelde brød. - Dette er ei sak NBK kunne fronte.

Aktivitetsplan 2017: Bjørg lagar ei brosjyre med alle aktivitetar i 2017. (Mette tek kontakt.)

Sunneva Linge - skripar